

Oslo Senterparti
P.b. 6734, St. Olavsplass
0130 OSLO

Utdanning – og forskningsdepartementet
P.b. 8119, Dep
0032 OSLO

UFD		
02 FEB. 2004		
Saksnr		
200307611	125	50

Oslo, 30. januar 2004

Høring – NOU Ny lov om universitet og høgsular

Oslo Senterparti og Oslo Senterstud vil med dette koma med kommentarar til NOU 2003:25 - Ny lov om universitet og høgsular. Denne høyringsfråsegna kommenterer berre nokre av dei generelle tema i NOU 2003: 25, og kommentarane går generelt både på høgsular og universitet.

Fristilling av universiteta og høgsulane

Fleirtalet i utvalet føreslår ei fristilling av universitet og høgsular. Me fryktar at om universiteta og høgsulane blir omdanna til sjølveigande stiftingar, vil kortsiktige og økonomiske omsyn bli langt viktigare enn tidlegare, og universiteta/høgsulane kan også i teorien gå konkurs. Dette kan få store konsekvensar for studietilbodet ved universiteta/høgsulane, og det vil også kunne føre til at universiteta/høgsulane primært vil utføre rein oppdragsforskning for stat, næringsliv og organisasjonar. Fleirtalet i utvalet argumenter med at utdanningsinstitusjonane skal vera "frie" for å kunne oppnå fagleg og kreativ fridom. Noverande organisering av universiteta og høgsulane blir ikkje oppfatta som eit problem for fri forskning ved utdanningsinstitusjonane. Å gjera offentlege utdanningsinstitusjonar om til sjølveigande stiftingar, er også ei handling det er vanskeleg å reversere. Om det ikkje skulle fungere er det då ingen mulegheit til å ta attende styring over utdanningsinstitusjonane. Oslo Sp og Oslo Senterstud meiner difor at universiteta og høgsulane framleis skal vera statlege forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Statleg eigarskap med krav om breitt fagtilbod er naudsynt for å kunne oppretthalde frie og gode faglege offentlege utdanningsinstitusjonar.

Val av rektor på universitet og høgsular

Rektor skal veljast av studentar og tilsette slik som no, og i større grad ha høve til å fylle rolla som styreleiar betre enn å blir ein "dagleg leiar" av utdanningsinstitusjonen. Slik kan styret og rektor best ha fokus på faglege og utdanningspolitiske spørsmål. Val av rektor sikrar også eit demokratisk system, der studentar og tilsette kan velje å gje rektor fornøya tillit ved godt arbeid, eller velje ny rektor om ein er misnøgd med den politiske styringa av universitetet/høgsulane.

Styresamansetjing

Fleirtalet i utvalet meiner at det bør vera eit eksternt, sjølvsupplerande fleirtal i styra ved utdanningsinstitusjonane. Me meiner det ikkje ligg automatikk i at kompetansen til å drive eit

offentleg utdanningsinstitusjon, med brei studentmasse og sterk satsing på grunnforskning, blir auka ved eit eksternt fleirtal, som i tillegg skal supplere seg sjølv. Difor bør høgskulane og universiteta framleis ha eit internt styrefleirtal av studentar og tilsette. Inga enkeltgruppe skal ha fleirtal åleine i styret, og styret skal ikkje vera sjølvopnemndane. Fleirtalet argumenterer også med at ekstern oppnemning vil sikre kontinuitet. Me kan ikkje sjå at tilsettere representantar i styra ikkje skal kunne sikre ein evt. sakna kontinuitet. I tillegg ynskjer me også å påpeike at høgskular i distrikta ikkje nødvendigvis har same tilgang til eit breitt og "strålande" næringsliv, og at det kan bli vanskeleg for små høgskular å skaffe denne "kontinuiteten" som fleirtalet etterlyser. Studentrepresentasjonen må oppretthaldast på same nivå som no; det vil seie at studentane skal ha rett til 20 % representasjon, eller minimum 2 representantar med røysterett.

Gratisprinsippet

Fleirtalet utvalet har opna for at

- 1) Studie kan krevje eigenbetaling i den utstrekninga verksemda ikkje er fullfinansiert av staten.
- 2) Studie der det i samband med løyvingar frå staten ikkje er eit krav at studie skal vera gratis, kan krevje inn pengar.

Oslo Sp og Oslo Senterstud meiner det viktige prinsippet om lik rett til utdanning framleis må gjelde. Me ynskjer ikkje å opne for at offentlege utdanningsinstitusjonar skal kunne krevje eigendel ved høgare utdanning. Grunnutdanninga ved dei offentlege utdanningsinstitusjonane skal vera gratis for studentane, for å sikre at alle ungdomar har råd og mulegheit til å ta utdanning. Me meiner også at gratisprinsippet må lovfestast for å ikkje skape tvil om gratisprinsippet i framtida.

Forsking

Fleirtalet i utvalet meiner at forsking må løne seg betre enn det gjer i dag, og at forskinga må bli meir samfunnsnyttig. Sterkare samarbeid mellom forskingsmiljø og næringsliv er naudsynt hevdar utvalet. I dag har mange forskingsmiljø godt samarbeid med næringslivet. Å gjera større delar av forskinga avhengig av næringslivet og ekstern finansiering kan føre til veikare satsing på grunnforskninga, og lite eller inga forsking på "smale" og "unyttige" fag. Små fag må vernast, og verdiskaping handlar i like stor grad om å skape kulturelle verdiar, som å skape økonomiske verdiar. Forsking skal også kunne drivast over heile landet, og små høgskular i distriktet må sikrast høve til å forske utan å bli totalt avhengig av midlar frå næringslivet. Utdannings- og forskingsminister Kristin Clemet har sagt at Noreg i framtida skal satse på kunnskap som neste "industrivare". For å oppnå dette meiner me det er viktig at det blir lagt til rette for grunnforskning ved sterkare satsing på denne, i staden for å binde forskinga sterkare opp mot næringslivet.

Beste helsing

Steinulf Tungesvik /s/
Leiar Oslo Sp

Karoline Bjerkeset /s/
Leiar Oslo Senterstud